



Granvin Herad

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

Vedteken i Granvin heradsstyre 07.09.2011

Innhald

1. Kva er ein ruspolitisk handlingsplan

Kvifor ein slik plan?

Rusmiddelpolitiske mål

2. Arbeidsmåte

3. Fakta om rus / rusbruk

Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Rusmiddelsituasjonen i Granvin

Kartleggingar og undersøkingar på rusfeltet

Følgjer av rusbruk

4. Rusmiddelmisbruk som utfordring i heradet

Hovudutfordringar

5. Tiltak

Førebygging

Førebyggjande tiltak

Tiltak for rusmisbrukarar

Handlingsplan

Gjennomføring av planen

Evaluering

1. Kva er ein Ruspolitisk Handlingsplan

Ruspolitisk handlingsplan er ein plan for å førebyggja/redusera rusbruk og skadar knytt til bruk/misbruk av rusmidlar. Dette er ein del av arbeidet for å fremja folkehelsa i heradet, og motverka utvikling av sosiale problem.

Granvin Herad har frå før ein *Alkoholpolitisk Handlingsplan*, vedteken i heradsstyret i 2008. Den omhandlar mål og retningslinjer for heradet sin skjenkepolitikk relatert til Alkohollova. *Ruspolitisk Handlingsplan* må sjåast i samanheng med denne.

Kvifor ein slik plan?

Erfaring viser at bruk av rusmidlar kan vera årsak til sosial- og helseproblem i befolkninga.

Gjennom fleire lover, som Lov om sosiale tenester og Lov om helsetenester i kommunen, er kommunane pålagt å arbeida for å førebyggja og motverka sosiale og helselaterte problem. Ein ruspolitisk handlingsplan er eit ledd i dette arbeidet. Planen skal gje ein oversikt over aktuelle tiltak som kan førebyggja rusmisbruk.

Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

Nasjonale mål: Redusera totalforbruket av alkohol og styrka arbeidet mot illegale rusmidlar.

Kommunale mål: Redusera omfanget av rusbruk og skadar knytt til bruk/misbruk av rusmidlar.

2. Arbeidsmåte

Helse- og sosialkontoret er ansvarleg for utarbeiding av framlegg til ein ruspolitisk handlingsplan. Planen skal vedtakast i heradsstyret.

Gjennom prosessen har det vore drøftingar med andre instansar i heradet: Granvin Ungdomsråd, Helsestasjon/skulehelsetenesta, Granvin Ungdomslag, Idrettslaget, barnevernet, psykiatritenesta, lækjartenesta og skulen. Det har vore 2 drøftingsmøte der ein har fått innspel og idear til planen.

Under arbeidet har problemstillingar vore drøfta fortløpande med aktuelle fagpersonar i heradet som helsesøster, barnevernsarbeidar og sjukepleiar i psykiatritenesta.

3. Fakta om rus/rusbruk

Dei fakta og opplysningar som følgjer i planen er henta frå Statens Institutt for rusmiddelforskning(SIRUS), Bergensklinikkene og Helsedirektoratet.

Planen omhandlar førebygging mot alkohol og narkotika(illegale rusmidlar).

Forsking viser at det er alkohol som har det største skadeomfanget for samfunnet totalt sett. Dette fordi bruken av alkohol er langt meir utbreidd i befolkninga enn det dei illegale rusmidlane er.

Førebyggingstiltak for dei nemnde rusmidla vil i hovudsak vera dei same, og forskning viser at det er viktig å sjå dei i samanheng.

Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Det har over mange år vore forska på rusbruk/rusmisbruk, rustrendar, og omfanget av russkadar, og det har vore gjort undersøkingar av rusbruk blant ungdom. I tillegg har ein statistiske data.

Sidan 1990 har det samla forbruket av *alkohol* vore jamnt aukande i Noreg.

Konsum av rein alkohol pr innbyggjar (15 år og over) i Noreg (SIRUS):

1999 5,45 liter

2009 6,68 liter

Stiftelsen Bergensklinikkene har sidan 2002 drive kartlegging av rusvanar i Bergen. Fram til 2008 var bruken av alkohol aukande, den flata ut i 2009, og perioden haust 2010 - vår 2011 viser nedgang i alkoholbruken. Kartlegging viser også at blant 8. og 10.klassingar i Bergen i 2010 var det færre som drakk alkohol enn det kartleggingar frå tidlegare år har vist, og at færre drikk ofte.

I nemnde aldersgrupper er det relativt få som brukar narkotiske stoff og tendensen er at dei er noko færre enn før.

Rusmiddelsituasjonen i Granvin

SIRUS har ikkje tal som viser forbruket i den enkelte kommune. Det er difor vanskeleg å seia noko om i kva grad forbruket aukar eller minkar i Granvin. Men ein reknar med at utviklinga nasjonalt og regionalt på dette området i hovudsak gjeld også for vår kommune. Situasjonen i Granvin vil og vera påverka av russituasjonen og skjenkepolitikken i nabokommunane.

Kartleggingar og undersøkingar på rusfeltet

Kartleggingar blant ungdom over tid viser slike fakta:

- Tidleg alkoholdebut fører til større alkoholforbruk seinare i livet. Di tidlegare ein debuterer med alkohol, di større vert alkoholkonsumet i vaksen alder
- Ungdom som får med alkohol heimanfrå, drikk meir enn dei som ikkje får det
- Tidleg alkoholdebut aukar risikoen for bruk av narkotika
- Ungdom sitt drikkemønster, følgjer foreldra sitt drikkemønster. Di høgare alkoholforbruk foreldra har, og di meir liberal haldning dei har til alkohol, di meir drikk ungdomane
- Auka tilgjenge til alkohol aukar forbruket
- Auka tilgjenge til alkohol aukar omfanget av alkoholskadar
- Di meir og di oftare ein drikk alkohol, di meir sannsynleg er det at ein vert utsett for vald eller utøver vald
- Ungdom drikk mindre når foreldra set grenser

Følgjer av rusbruk

Det føreligg eit omfattande forskingsmateriale på rusfeltet som seier noko om kva verknad rusbruk/rusmisbruk har for samfunnet og for den enkelte. Resultata viser at misbruk av alkohol og narkotika medfører store sosiale problem for den enkelte og for samfunnet.

Mange familiar har ein svært vanskeleg livssituasjon grunna rusbruk. Vanskar som oppstår i samband med alkoholbruk og som vert det meldt om i norske spørjeundersøkingar, er krangling, slåsting, vanskar i høve til familie og vener, og vanskar med politiet. Eit stort tal born i Noreg (truleg opp mot 150 000) lir under foreldre/vaksne sin alkoholbruk, og mange vert påført helseproblem grunna dette. Dei har ein betydeleg risiko for å utvikla psykisk sjukdom og for å få egne rusproblem.

Andre konsekvensar er dei akutte helseskadane i samband med fyll, og dei skadar mange pådreg seg grunna langvarig bruk av alkohol eller andre rusmidlar. I tillegg kjem fysiske skadar på tredjeperson i samband med fyll, slagsmål o.l., og ulukker/skadar i samband med køyring i rusa tilstand.

Kvart år døy 400 nordmenn som følgje av alkoholbruk.

I tillegg kjem dødsfall i samband med narkotikabruk.

4. Rusmiddelmisbruk som utfordring i heradet

Lækjartenesta, psykiatritenesta, sosial- og barneverntenesta, helsestasjonen, pleie- og omsorg - alle desse møter rusbruk/rusmisbruk i arbeidet, og ein opplever utfordringar knytt til dette.

Generelt veit vi at ungdom er utprøvande i høve til rusmidlar, og det er viktig at dei utviklar kloke haldningar til rusmiddelbruk. Foreldre, skule og andre vaksne har ei avgjerande rolle i den samanheng.

Kommunen kan gjennom ein ruspolitisk handlingsplan peika på den forskingsbaserte kunnskapen som finst om bruk av rusmidlar, og kan leggja til rette for førebyggjande tiltak og aktivitetar.

Hovudutfordringar

Tiltak for å førebyggja rusmisbruk i kommunen.

Tiltak for den enkelte som treng hjelp for å koma ut av eit misbruk.

5. Tiltak

Førebygging

Generelt veit vi at trygge oppvekstvilkår er grunnleggjande i høve til å førebyggja vanskar seinare i livet. I så måte er ein god barnehage og ein god skule viktig for den enkelte. I Granvin er også kulturskulen eit godt bidrag i den samanheng. Det å ha eit godt fungerande lokalsamfunn er i seg sjølv førebyggjande også i høve til rusbruk. Elles er det viktig å ha eit godt system som kan fanga opp familiar og born som treng

hjelp, slik at vanskar kan førebyggjast.

Ein oppvekst der den enkelte får høve til utvikla sjølvtilitt og eit godt sjølvbilete, er avgjerande for korleis ein er i stand til å møte livet sine utfordringar, også dei som gjeld rusmidlar.

Granvin har ei rad aktivitetar som engasjerer på fritida, og som er førebyggjande, slik som ungdomsklubben, tiltak og tilbod innan idrett, og aktivitetar i andre lag og organisasjonar. ”Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet” viser heradet sitt engasjement på dette feltet.

I tillegg har heradet tiltak som ”Helsestasjon for ungdom” som er eit supplement til skulehelsetenesta, og ”Jentegruppe”, ei samtalegruppe i regi av barneverntenesta og skulehelsetenesta.

Haldningsskapande arbeid i høve til barn og unge vil og vera ein del av det førebyggjande arbeidet i heradet. Det viser seg at dette gjev best effekt dersom det også er retta inn mot foreldre. Helsedirektoratet si heimeside har mykje informasjon om rusmidlar og førebygging retta inn mot kommunar og enkeltpersonar, mellom anna ein kampanje mot alkohol som gjev foreldre råd om grensesetting. Den ligg på nettadressa www.settegrenser.no.

Førebyggjande tiltak mot rusmisbruk

- Eksisterande kommunale tiltak som nemnt ovanfor bør vidareførast.
- Tett samarbeid mellom skule, helsestasjon, barnevern og sosialteneste.
- Samarbeid med andre kommunar om rusfrie arrangement for ungdom.
- Støtte til prosjekt i frivillige lag og organisasjonar som t.d. kursing av aktivitetsleiarar eller anna, som kan bidra til aktivitet for born og unge.
- I samarbeid med skulen driva haldningsskapande arbeid i høve til foreldre, som temakveldar o.l.
- Kontroll med sal og skjenking av alkohol ved den interkommunale skjenkekontrollen
- Alkoholfrie soner: Ikkje høve til skjenking av alkohol på tilskipingar der born og vaksne saman er målgruppe, eller på idretts- og friluftslignande tilskipingar (er i samsvar med delmål 3.2.2.A i heradet sine alkoholpolitiske retningsliner).
- Auka kompetansen hjå tilsette når det gjeld rus og førebygging.

Tiltak for rusmisbrukarar

- Sosialkontor og helseteneste kan gje råd, rettleiing, og informasjon om behandlingstilbod.
- Tilbod om individuell plan.
- Tilvising til spesialisthelsetenesta

Handlingsplan

Førebyggjande tiltak mot rusmisbruk	Ansvarleg	Oppstart	Finansiering/merknad
Helsestasjon for ungdom	Skulehelsetenesta	Er i gang	Innanfor budsjett

Jentegruppe	Skulehelsetenesta og barnevernet	Er i gang	Innanfor budsjett
Tett samarbeid skule, helsestasjon, kultur, barnevern og sosial	Sosialtenesta	Pågår	Innanfor budsjett
Samarbeid med andre kommunar om rusfrie arr. for ungdom	Ungdomsrådet, kultur	Haust 2011	Har vore prøvd, og bør halda fram
Ungdomsklubben	Kultur	Er i gang	Innanfor budsjett
Økonomisk støtte til prosjekt i frivillige lag og organisasjonar	Kultur	2012	Innarbeidast i 2012-budsjettet
Haldningsskapande arbeid retta mot foreldre	Sosialteneste og skule, barnevern		Innanfor budsjett
Kontroll med sal og skjenking av alkohol	Heradet gjennom skjenkekontrollen	Er i gang	Innanfor budsjett
Alkoholfrie soner	Heradsstyret		Gjennom tildeling av løyve
Auka kompetanse i førebyggjande rusarbeid	Einingane		Innarbeidast i budsjettet
Tiltak for rusmisbrukarar			
Råd, rettleiing og informasjon	Helsetenesta og sosialkontoret		Individuelle tiltak etter helse- og omsorgslova
Tilvisa til spesialisthelsetenesta	Helsetenesta og sosialkontoret		
Tilbod om individuell plan	Helsetenesta og sosialkontoret		Plan med mål for behandling og eventuelle tiltak vidare
Auka kompetanse i høve til individuell oppfølging	Einingane		Innarbeidast i 2012-budsjettet

Styrka rusomsorga innafor kommunalt apparat for funksjonshemma	Einingane	2012	Tilpassa organisasjonen til ny lov om helse og omsorg
---	-----------	------	--

Gjennomføring av planen

Planen må samordnast med andre planar i heradet, og tiltak som skal gjennomførast må innarbeidast i budsjettet.

Evaluering av planen

Ruspolitisk handlingsplan skal evaluerast før kvar ny løyveperiode.

Nettadresser:

sirus.no

bergensklinikkene.no

helsedirektoratet.no/rusmidlar/